

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

nr. 112/2001
av 28. september 2001

om endring av vedlegg II til EØS-avtala (Tekniske forskrifter, standardar, prøving og sertifisering)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla «avtala», særleg artikkel 98, og

på følgjande bak grunn:

- 1) Vedlegg II til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 70/2001 av 19. juni 2001⁽¹⁾.
- 2) Kommisjonsforordning (EF) nr. 2364/2000 av 25. oktober 2000 om den fjerde liste over prioriterte stoffer i samsvar med rådsforordning (EF) nr. 793/93⁽²⁾ skal takast inn i avtala.
- 3) Kommisjonsdirektiv 2000/66/EF av 23. oktober 2000 om oppføring av eit aktivt stoff (triasulfuron) i vedlegg I til rådsdirektiv 91/414/EØF om markedsføring av plantelegemiddelprodukt⁽³⁾ skal takast inn i avtala.
- 4) Kommisjonsdirektiv 2000/67/EF av 23. oktober 2000 om oppføring av eit aktivt stoff (esfenvalerat) i vedlegg I til rådsdirektiv 91/414/EØF om markedsføring av plantelegemiddelprodukt⁽⁴⁾ skal takast inn i avtala.
- 5) Kommisjonsdirektiv 2000/68/EF av 23. oktober 2000 om oppføring av eit aktivt stoff (bentazon) i vedlegg I til rådsdirektiv 91/414/EØF om markedsføring av plantelegemiddelprodukt⁽⁵⁾ skal takast inn i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

⁽¹⁾ TEF L 238 av 6.9.2001, s. 17, og EØS-tillegget til TEF nr. 44 av 6.9.2001, s. 14.

⁽²⁾ TEF L 273 av 26.10.2000, s. 5.

⁽³⁾ TEF L 276 av 28.10.2000, s. 35.

⁽⁴⁾ TEF L 276 av 28.10.2000, s. 38.

⁽⁵⁾ TEF L 276 av 28.10.2000, s. 41.

Artikkel 1

I vedlegg II kapittel XV nr. 12a (rådsdirektiv 91/414/EØF) i avtala skal nye strekpunkt lyde:

- «← **32000 L 0066**: Kommisjonsdirektiv 2000/66/EF av 23. oktober 2000 (TEF L 276 av 28.10.2000, s. 35),
- **32000 L 0067**: Kommisjonsdirektiv 2000/67/EF av 23. oktober 2000 (TEF L 276 av 28.10.2000, s. 38),
- **32000 L 0068**: Kommisjonsdirektiv 2000/68/EF av 23. oktober 2000 (TEF L 276 av 28.10.2000, s. 41).»

Artikkel 2

I vedlegg II kapittel XV nr. 12e (rådsforordning (EØF) nr. 793/93) i avtala skal nytt strekpunkt lyde:

- «← **32000 R 2364**: Kommisjonsforordning (EF) nr. 2364/2000 av 25. oktober 2000 (TEF L 273 av 26.10.2000, s. 5).»

Artikkel 3

Teksta til kommisjonsforordning (EF) nr. 2364/2000 og kommisjonsdirektiv 2000/66/EF, 2000/67/EF og 2000/68/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*, skal verte gyldig.

Artikkel 4

Denne avgjerda tek til å gjelde 29. september 2001, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

Artikkel 5

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Utfjerda i Brussel, 28. september 2001.

For EØS-komiteen
Formann

E. Bull

Sekretærar for EØS-komiteen

P.K. Mannes M. Brinkmann